


dok 257

2006a5491 18.12.06
Ki-501



Det kongelige kultur- og kirkedepartement
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

ULVIK HERAD
5730 ULVIK

Dykkar ref.:

Vår ref.:
06/350-5/K2-C7/JHE

Direkte innval:
56 52 70 19

Stad/Dato:
15.12.2006

SÆRUTSKRIFT: NOU 2006 : 2 Staten og Den norske Kirke - Høring

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

NOU 2006:2 Staten og Den norske kyrkja

SAKSGANG:		
Utval	Møtedato	Utvalssak
Heradsstyret	13.12.2006	051/06

Sakshandsamar Jon Olav Heggseth	Arkiv: K2-C7	Arkivsaknr 06/350
------------------------------------	--------------	----------------------

Vedlegg:

Sakstilfang:

Nr	T	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	Human Etisk Forbund	Høring av NOU 2006:2 Staten og Den norske kyrkja
1	I	Det kongelige kultur- og kirkedepartement	NOU 2006:2 Staten og Den norske kyrkja - Høring
4	I	.	Ulvik Sokneråd. Staten og Den norske kyrkja - høyrng

Internett adresse:
www.ulvik.kommune.no

E-post:
ulvik@ulvik.kommune.no

Telefon:
56 52 70 00

Telefax:
56527001

Innleiing:

I heradstyremøte 13.9.2006 vart det fastsett fylgjande som merknad til spørsmål frå ordførar korleis Ulvik herad skulle førehalda seg til å gi uttale til "NOU 2006:2 Staten og Den norske kyrkja":

"Det vart nedsett komite som skal leggja fram sak til heradsstyre vedkomande "NOU 2006:2 Staten og Den norske kirke". At det skulle opprettast komitè vart vedteke med 11 røyster. Som leiar vart Jon O.Heggseth valt. Håkon Gjerde og Gunnlaug Lekve er medlemmer i komitièn."

Komiteen har hatt eit møte og legg fram slik saksutgreiing / framlegg til vedtak:

Saksutgreiing:

Statskyrkjeordninga har vore omdiskutert i meir enn 150 år. Den har vore handsama av Stortinget fleire gongar og blitt inngåande vurdert av fleire offentlege og kyrkjelege utval. Til no har ikkje det vore tilstrekkeleg fleirtal på Stortinget for å oppheva ordninga. Den har blitt reformert gjennom ulike lovendingar som gradvis har gitt kyrkja større sjølvstende i høve staten. I 2002 vedtok Stortinget å be regjeringa om å oppnemna eit breitt samansett utval for å vurdere tilhøvet mellom stat og kyrkje. Fylkesmann Kåre Gjønnes vart oppnemnt som leiar av utvalet. Mandatet til utvalet var å gje grunnlag for å kunna treffa ei avgjerd om statskyrkjeordninga skulle først vidare eller avviklast. Mandatet la til grunn at Den norske kyrkja (Dnk) framleis skal vera ei bekjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje. Utvalet skulle også vurdere finansieringsordning, gravferdsforvaltning og ordningar for freda og verneverdige kyrkjer. Det skulle også vurderast kven som skulle ha eigedomsretten til kyrkjer, kyrkjegardar og Opplysningsvesenets fond ved eit eventuelt opphøyr av statskyrkja. Gjønnes-utvalet overleverte 31.01.06 utredninga med 3 hovudframlegg til korleis staten skal ordna sitt forhold til Dnk i framtida. Kultur- og kirkedepartementet (KKD) har sendt utgreiinga ut på høyring med frist for uttale til 1. desember 2006. Kirkens arbeidsgjevar- og interesseorganisasjon (KA) har uttalt seg til utgreiinga..

Heradsstyret fekk ei munnleg

framstilling om utgreiinga ved Prost Knut Knutsen i møte den 13.09.06.

Kva tilhøve Den norske kyrkja skal ha til staten i framtida er eit stort og omfattande spørsmål å ta stilling til. Ikkje minst fordi det framleis er mange uavklara spørsmål om det skulle verta eit skilje mellom kyrkja og staten.

Organisering av Den norske kyrkja:

Gjønnes-utvalet legg opp til 3 alternative hovudmodellar for Dnk. Den grunnleggjande forskjellen mellom dei tre alternativa er det rettslege rammeverket og endringar i det øvste kyrkjestyret.

1. Grunnlovsforankra folkekyrkje:

Dnk vil halda fram som statskyrkje, anten som i dag eller med ytterlegare reformer innanfor dagens grunnlovsbestemmelsar. Det inneber at Kongen (regjeringa) er øvste kyrkjestyre og at staten gjennom dette er sikra fortsatt politisk kontroll og mynde over kyrkja.

2. Lovforankra folkekyrkje:

Grunnlova sine noverande reglar om statskyrkjeordninga vert oppheva. Det inneber at Kongen (regjeringa) ikkje fungerer som kyrkjestyre, noko som fører til

større sjølvstende for Dnk som trussamfunn. Dnk blir eit sjølvstendig rettssubjekt, men får likevel ei særleg tilknytning til staten i høve andre trus- og livssynssamfunn, ved at Stortinget vedtek ei eigen kortfatta rammelov/kyrkjelov for Dnk.

3. Sjølvstendig folkekyrkje:

Dnk vil bli eit sjølvstendig trussamfunn på linje med andre trus- og livssynssamfunn i Noreg. Alle grunnlovsbestemmelsar om Dnk vert oppheva og all form for statleg styring i høve kyrkja vert avvikla. Det inneber at Dnk ikkje lenger vil vera ein del av statsforvaltninga, men vil bli forankra i trussamfunnslova.

Fleirtalet i Gjønnes-utvalet går inn for alternativ 2, ei lovforankra folkekyrkje, altså eit brot på statskyrkjeordninga. KA går delvis inn for alternativ 1 og vil behalda statskyrkjeordninga, men med visse endringar i høve dagens ordning. KA støttar fleirtalet sitt ynskje om å gjera Dnk til eit nasjonalt rettssubjekt, slik dei lokale kyrkjeorganana no er organisert. Men KA meiner dette kan gjerast innanfor statskyrkjeordninga. KA ynskjer å styrka dei lokalkyrkjelege styringsorganana og peikar på at dette kan gjerast ved å slå saman til større forvaltningseiningar etter modell av td. interkommunalt samarbeid.

Statens trus- og livssynspolitik:

Den statlege trus- og livssynspolitikken kviler i dag på tre prinsipp: prinsippet om trus- og yringsfridom, statskyrkjeordninga og prinsippet om likehandsaming av trussamfunn. Prinsippa om trus- og yringsfridom og om likehandsaming av trussamfunn ligg fast uansett val av ny ordning. Dersom statskyrkjeordninga vert avvikla, går eit fleirtal i Gjønnes-utvalet inn for at ein skal ta inn ein ny paragraf i grunnlova om samfunnet sitt verdigrunnlag.

Eit anna spørsmål er kor langt likehandsaminga av trus- og livssynssamfunn skal gå, eller kor stor grad av særstilling Dnk bør ha i høve andre trus- og livssynssamfunn. Mange er opptekne av Dnk si rolle som kulturberar og kyrkja si integrerande funksjon i samfunnet, og at dette talar sterkt for ei særstilling av Dnk.

Finansiering av Dnk:

Utvalet strekar under at Dnk som ei landsdekkjande folkekyrkje må sikrast eit tilstrekkeleg og stabilt ressursgrunnlag. Uavhengig av val av modell må alle trus- og livssynssamfunn få offentleg støtte som gjer at dei kan oppretthalda den viktige samfunnsrolla dei har. Fleirtalet i utvalet meiner at det er behov for auka ressurstilgang til Dnk, noko som også KA og andre kyrkjelege organ har streka under.

Fleirtalet i utvalet rår til at det offentlege står for hovudfinansiering av kyrkja, dvs. at staten dekkjer løner m.m. for alle kyrkjelege tilsette, kommunale tilskot skal dekkja bygging, forvaltning, vedlikehald og drift av kyrkjebygg medan eit medlemsbidrag skal dekkja finansiering av sokneråda si øvrige verksemd. Eit mindretal går inn for at staten skal dekkja alle utgiftene og eit anna mindretal går inn for at hovudfinansieringa skal koma gjennom medlemskontingent supplert med offentlege tilskot til særskilde føremål. Utvalet har ikkje konkretisert nærare korleis dei ulike ordningane er tenkt gjennomført. KA ynskjer også å vidareføra det delte økonomiske ansvaret mellom stat og kommune, men med eit større ansvar lagt til kommunane med utgangspunkt i eit tilsvarande statleg tilskot. KA ynskjer å samla arbeidsgjevaransvaret for dei lokalt kyrkjeleg tilsette i eit lokalkyrkjeleg styringsorgan.

Når det gjeld freda og verneverdige kyrkjebygg, meiner eit fleirtal at det må etablerast ei særskild statleg kyrkjeantikvarisk støtteordning, uavhengig av val av organisasjonsmodell. KA meiner at staten bør ta det fulle økonomiske ansvaret for mellomalderkyrkjer og eit

økonomisk delansvar for listeførte (verneverdige) kyrkjer.

Gravferdsforvaltninga:

Fleirtalet i utvalet rår til at gravferdslova vert endra slik at kommunen tek over ansvaret for gravferdsforvaltninga, ut frå tanken om at gravferd er ei allmenn oppgåve som bør ivareta av det offentlege. Utvalet sitt mindretal rår til at kyrkjeleg fellestråd beheld ansvaret. Dei peikar på at det ikkje er registrert noko ynskje i fleirtalet i befolkninga om å flytta dette ansvaret over på kommunen. KA ynskjer også at hovudtrekka i dagens gravferdsforvaltning vert vidareført.

Vurdering:

Komiteen har kome til at det er vanskeleg å konkludera med ei tilråding i denne saka. Her vil det vera ulike vurderingar og oppfatningar som i hovudsak vil byggja på personleg tru og livssyn.

Det vert lagt fram 3 alternativ til hovudspørsmålet under pkt. 1. Framlegg A som er i samsvar med utvalet si eine mindretalstilråding, framlegg B som er i samsvar med utvalet si fleirtalstilråding, og framlegg C, som er det andre mindretalet si tilråding.

Høyringsvaret skal først inn i eit eige skjema. Komiteen viser til vedlegg i saka der svara skal kryssast ut. Det vert då opp til heradsstyret å røysta på dei 8 spørsmåla.

Komiteen sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret sluttar seg til vedlagde høyringsfråsegn.

Høyringskjemaet (Hovudteksten/spørsmåla er på bokmål då dei er teke rett ut frå høyringsdokumentet, medan Ulvik herad sine svar er skrivne på nynorsk)

**”Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene
1.1 NAVN PÅ HØRINGSINSTANS:” *Ulvik HERAD***

1.2 TYPE HØRINGSINSTANS

Kommune

1. HVILKE OVERORDNEDE PRINSIPPER BØR LIGGE TIL GRUNN FOR TROS- OG LIVSSYNSPOLITIKKEN?

Svar:

Framlegg A

Ulvik herad meiner at statskyrkjeordninga vert ført vidare innanfor rammene i dagens grunnlov, i **samsvar med eit av mindretala i utvalet si utgreiing** om ei 'grunnlovsforankret folkekirke'. Dette er ei ordning som best sikrar at Den norske kyrkja er der for alle som ynskjer det, og som best sikrar ein låg nok terskel for at alle skal kunna kjenna seg heime i kyrkja uansett trusengasjement. Heradet meiner det har mykje å seia at innhaldet i Grunnlova som gjeld kyrkja vert ført vidare, og ottast at

fjerning av paragrafane som omtalar den lutherske læra og dei tilhøyrande ordningane vil skapa eit konstitusjonelt tomrom som me ikkje ser rekkevidda av.

Røysting framlegg A :

12 røyster

Framlegg B:

Ulvik herad meiner at Den norske kyrkja i framtida må vera ei Lovforankra folkekyrkje. Grunnlova sine paragrafar om statskyrkjeordninga vert oppheva. Den norske kyrkja må då vera eit sjølvstendig rettssubjekt med eigne styringsorgan og sjølvstendig ansvar for alle saker som har med kyrkja si tru og kyrkja si verksemd å gjera. Biskopanevert utnemnt av kyrkja sine eigne organ, med grunnlag i ein brei nominasjons- og valordning.

Kyrkja skal framleis vera knytt til staten ved ei eiga kyrkjelov gitt av Stortinget. Lova bør utformast som ei kortfatta rammelov og vera forankra i grunnlova.

Røysting framlegg B:

1 røyst

Framlegg C:

Sjølvstendig folkekyrkje, i samsvar med utvalet sitt mindretal 1 framlegg:

Røysting framlegg C :

4 røyster

2. DEN NORSKE KIRKE SOM STATSKIRKE:

Bør fortsette - 11 røyster

Bør avvikles - 4 røyster

Vet ikke / ønsker ikke å svare - 1 røyst

3. I HVILKEN LOV BØR DEN NORSKE KIRKE VÆRE FORANKRET?

Grunnloven - 11 røyster

Egen kirkelov vedtatt av Stortinget - 1 røyst

Lov om trossamfunn - 2 røyster

Vet ikke / ønsker ikke å svare - 3 røyster

4. HVORDAN BØR DEN NORSKE KIRKE FINANSIERES?

Gjennom medlemsavgift - 0 røyster

Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige - 2 røyster

Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift - 5 røyster

Offentlig finansiering uten medlemsavgift - 9 røyster

Vet ikke / ønsker ikke å svare - 1 røyst

5. HVORDAN BØR VALGORDNINGENE OG DEMOKRATIET VÆRE DERSOM STATSKIRKEORDNINGEN AVVIKLES?

Valgordningene bør være som i dag - 9 røyster

Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer - 3 røyster

Vet ikke / ønsker ikke å svare - 5 røyster

Eventuelle andre ordninger:

6. DERSOM STATSKIRKEORDNINGEN AVVIKLES, HVA BØR I SÅ FALL STÅ I § 2 (ELLER I EN ANNEN PARAGRAF) I GRUNNLOVEN I TILLEGG TIL PRINSIPPET OM RELIGIONSFRIHET?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer) -

Ingen tillegg -	2 røyster
De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene	7 røyster
Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget	7 røyster
Det humanistiske verdigrunnlaget	2 røyster
At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke	3 røyster
Vet ikke / ønsker ikke å svare	1 røyst
Eventuelt annet:	

7. HVEM BØR HA ANSVARET FOR GRAVFERDSFORVALTNINGEN?

Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)	12 røyster
Kommunen	3 røyster
Vet ikke / ønsker ikke å svare	2 røyster

8. HVEM BØR EIE OG FORVALTE KIRKEBYGGENE?

Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret	2 røyster
Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret	1 røyst
Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret	0 røyster
Vet ikke / ønsker ikke å svare	0 røyster

Anna :

Kommunen/Staten bør eie kirkebyggene, og ha det økonomiske Ansvaret.	14 røyster
--	------------

13.12.2006 Heradsstyret

HST-051/06 VEDTAK:

Heradsstyret sluttar seg til vedlagde høyringsfråsegn.

Med helsing

K. Jordal

for Jon Olav Heggseth
Ordfører

Kopi til:

Human Etisk Forbund

Ulvik Sokneråd

Pb 6744 St. Olavs

plass

Storøyeni 6

0130 OSLO

5730 ULVIK

Staten og Den norske kirke - Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: **ULVIK HERAD**



ULVIK HERAD
Skeiesvegen 5
N-5730 ULVIK

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Framlegg A: 12 røyster
Framlegg B: 1 røyst
Framlegg C: 4 røyster

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette 11 røyster
- Bør avvikles 4 røyster
- Vet ikke / ønsker ikke å svare 1 røyst

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven 11 røyster
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget 1 røyst
- Lov om trossamfunn 2 røyster
- Vet ikke / ønsker ikke å svare 3 røyster

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift 0 røyster
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige 2 røyster
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift 5 røyster
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift 9 røyster
- Vet ikke / ønsker ikke å svare 1 røyst.

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag 9 røyster
 Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer 3 røyster
 Vet ikke / ønsker ikke å svare 5 røyster

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg 2 røyster
 De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene 7 røyster
 Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget 7 røyster
 Det humanistiske verdigrunnlaget 2 røyster
 At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke 3 røyster
 Vet ikke / ønsker ikke å svare 1 røyst

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd) 12 røyster
 Kommunen 3 røyster
 Vet ikke / ønsker ikke å svare 2 røyster

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret 2 røyster
 Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret 1 røyst
 Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret 0
 Vet ikke / ønsker ikke å svare 0

Eventuelt annet:

Kommunen / Staten bør eie kirkebyggene, og ha det økonomiske ansvaret 14 røyster.